

Årsrekord i elva: 9,5 kilo!

13.08.2009



Knut Petter Hagen Thorsen med rekordfisen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Knut Petter Hagen Thorsen, busett på Stord, er ein av dei ivrigaste og flinkaste fiskarane i Uskedalselva. Torsdag ettermiddag sette han årsrekord då han fanga ein laks på 9,5 kilo.

- Eg fekk han høgt oppe i Uskedalselva etter å ha fiska i vassdraget samanhengande i rundt 12 timar, fortel han til uskedalen.no.

Knut Petter starta oppe i Børsdalselva klokka fem i dag tidleg og fiska seg nedover. Han tok den svære fisken på makk klokka halv fem.

Også i juni hadde han ein vellukka fisketur i elva, som han forresten skildra i ein stor reportasje her i nettavisa. Då tok han ein laks på 6,5 kilo.

Laksen han fekk i dag var lusfri - han hadde med andre ord 'gått seg rein'.

Denne fangsten - saman med andre - stadfestar at Uskedalselva held på sin posisjon som den beste fiskeelva i kommunen trass i negative meldingar om lusangrep og sviktande fiske andre stader.

Av Ola Matti Mathisen